

FORSKRIFT OM GRAVPLASSVEDTEKTER , VOSS HERAD, VESTLAND FYLKE

Vedtekne av Voss kyrkjelege fellesråd dato med heimel i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første ledd, § 8 første ledd og § 14 første ledd og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 15a fjerde ledd.

Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark dato, jamfør lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første ledd.

§ 1. DEFINISJONAR

Gravplassmyndigheit: Voss kyrkjelege fellesråd

Festeavtale: Avtale mellom gravplassforvaltninga og festar om bruksrett til ei grav mot betaling.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale.

Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei tilvist grav fram til grava vert festa.

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.

Festa gravstad: Fleire graver som er festa saman.

Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.

Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister.

I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

§ 2. FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE

Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9. Gravplassforvaltninga kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

Hundar skal haldast i band.

§ 3. GRAVPLASSTILHØYRSLE

Avdøde personar i heradet kan gravleggjast på den gravplassen i heradet som ein ønskjer.

Ein har rett til fri grav dersom grava er tilvist. Retten til utvida frigravsperiode er nærare regulert i gravplassforskrifta § 16 første avsnitt og gravplassforskrifta § 18 andre avsnitt.

Avdøde personar frå andre kommunar kan gjevast løyve til gravlegging i kommunen mot dekking av kostnad etter fastsett sats. I slike høve er det inga frigravsperiode og det vert kravd festeavgift.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har meldt flytting til ein annan kommune mot slutten av livet, kan gjevast same rettar som heradet sine egne innbyggjarar.

§ 4. FREDINGSTID

Fredingstida er 20 år for gravlegging av kister og urner.

§ 5. FESTE AV GRAV

Når ei kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter særskild godkjenning frå Gravplassforvaltinga for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved reservasjon av grav vert det kravd festeavgift, som fortsett etter at grava er teken i bruk. Festetida er eitt år om gongen.

Ved bruk av ei ordinær urnegrav, kan ein ikkje feste ei grav ved sida av.

Når fredingstida er ute, kan grava/gravstaden festast vidare. Festetida er eitt år om gongen.

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter eit særleg samtykkje frå Gravplassforvaltinga. I god tid før festetida er ute, skal gravplassforvaltninga varsle festaren.

Har ein ikkje fornya festet innan seks månader etter forfall, går grava eller gravstaden tilbake til gravplassen. Dette betyr at gravminne vert fjerna og grava fristilt for gjenbruk.

Ved oppseiing i festetida vert innbetalt festeavgift ikkje tilbakebetalt.

Ei kistegrav vert framleis rekna som kistegrav sjølv om det vert sett ned urner i grava.

Ingen kan gravleggast i ei grav utan samtykke frå gravansvarleg eller festar. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå gravansvarleg eller festar, kan Gravplassforvaltinga avgjere gravlegginga.

Festar pliktar å melde adresseendring.

§ 6. GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av grav, kan jord leggjast på gravene omkring, og gravminne og gravutstyr kan mellombels flyttast. Gravplassforvaltinga syter for at gravene vert sette i stand att og at den nye grava vert planert og tilsådd med gras. Dersom grava allereie har eit gravminne vert dette sett tilbake når dette er tilrådeleg.

Montering av gravminne må fylgje reglane i gravplassforskrifta og kan fyrst skje etter at Gravplassforvaltinga har godkjent søknad om gravminne.

Det er høve til namneflytting til gravminne som er satt opp, jf. gravplassforskrifta § 21 annet ledd. Namnet må då fjernast frå det opphavslege gravminnet. Namneflytting må søkjast skriftleg om til Gravplassforvaltninga.

På ein nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava ein først nyttar. Gravminnet skal ikkje sentrerast mellom to graver i ein gravstad. Kvar av gravene i ein gravstad kan ha eitt gravminne.

Sikring av gravsteinar skal alltid følgje gjeldande regelverk. Gravplassforvaltinga kan til ei kvar tid gje påbod om sikring av gravsteinar.

Etter avslutta festeperiode skal gravminnet og blomefelt fjernast og grava jamnast og tilsåast, med mindre gravminnet bør bli ståande, jf. gravplasslova § 18 siste ledd. Gravplassforvaltinga kan etter avtale fjerne gravminnet vederlagsfritt. Gravminnet kan i slike høve gå til gjenbruk.

§ 7. PLANTEFELT, DEKORGJENSTANDAR OG LYS

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken omkring. Eventuell innramming må flukte med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn sokkelen. Innramming kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant.

Det kan ikkje plantast vekstar som vert høgare enn gravminnet eller vil gå ut over arealet som er avsett til plantefelt. Det er ikkje høve til å plante ved sida av, eller bak gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller anna materiale.

Dekorgjenstandar som plasserast på gravminnet eller i plantefelt er på eige ansvar og må ikkje vere til hinder for vanleg vedlikehald og flytting av gravminne.

Det er høve til å tenne gravlys eller batterilys innanfor plantefeltet. Levande lys med parafin eller stearin skal setjast inn i eigna gravlykt, så fuglar ikkje kjem til. Levande lys skal ikkje plasserast slik at det utgjer brannfare. Fakkell og fakkellboksar er ikkje tillate.

Ein skal fjerne lys og andre lause dekorgjenstandar etter bruk.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for urnegrav i namna minnelund.

§ 9. AVFALLSHANDTERING

Plantar, kransar og liknande materiale som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav skal så langt råd vera av material som kan komposterast.

Spesialavfall som elektrisk avfall og batteri må ein sjølv fjerna frå gravplassen.

§ 10. STELL AV GRAV

Kvar gravansvarleg eller festar, har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal såast til.

Den gravansvarlege eller festaren pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at Gravplassforvaltinga, og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell av grav. Ein slik avtale frittek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ein kvar tid gjeld.

§ 11. NAMNA MINNELUND

Ved gravlegging i namna minnelund skal avdøde sitt namn og fødsels- og dødsår førast på ei namneplate på felles minnesmerke fastsett av gravplassmyndigheita. Minnelunden kan berre nyttast til urner.

Gravplassforvaltinga tilviser plass i namna minnelund. Ved feste av urnegrav attmed skal det betalast festeavgift frå tidspunktet då den første grava blir tatt i bruk. Ved feste av grav i namna minnelund vil ikkje gravene nødvendigvis kome attmed kvarandre, men kjem som namneplater attmed kvar andre.

Det vert kravd ei eingongsavgift for bruk av minnelunden til dekning av namneplate og 20 års felles stell av minnelunden. Avgift for bruk av minnelunden betalast frå det tidspunktet grava blir nytta.

Namnet står på minnesmerket i 20 år og grava kan festast etter det, i samsvar med § 5. Namneplata vert ståande så lenge grava er festa. Det kan ikkje gravleggjast på nytt i grava så lenge denne er festa.

Det er høve til namneflytting til minnelunden, jf. gravplassforskrifta § 21 annet ledd. Ved namneflytting må namnet fjernast frå det opphavslege gravminnet.

Gravplassforvaltinga har ansvaret for felles planting og stell ved minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt eller ha personlege gjenstandar ved urnegrav i minnelund. Gravplassforvaltninga kan fjerne dette utan varsel.

§ 12. BÅREROM

Gravplassforvaltinga disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avdøde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Syning kan berre finne stad etter samtykkje frå den som er ansvarleg for gravferda.

§ 13. NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå Gravplassforvaltinga. Løyvet kan kallast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

§ 14. ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje kvardagar (måndag – laurdag) i arbeidstida (kl. 07.00-17.00) og må ikkje utførast på sundagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Dette inkluderer fjerning/montering av gravminne. Utanom arbeidstida skal det vere ro på gravplassen.

Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er heilt nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

§ 15. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE

Gravplassforvaltinga kan i særlege høve og innanfor ramma av gravplasslov og gjeldande forskrifter fråvike paragrafane i vedtektene.

§ 16. IVERKSETJING OG OPPHEVING AV ELDRE VEDTEKTER

Forskrifta tar til å gjelde frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå same tid blir vedtekter godkjende 13. mai 2020 for gravplassane i Voss herad, Vestland, oppheva.